

Kva med gutane?

29.02.2012



Prosjekt-produsent Gunn Mari i eit anna prosjekt - Martabu

Kva skal gutane gjera?

Spørsmålet vart stilt mann og mann imellom i Uskedalen i dag då det var kunngjort at det blir ein spesiell jentekveld på Systrene Nilsen på Kvinnedagen 8. mars, Ei jente får til og med sjansen til å bli ny. Ein kommentar frå ein mann til dette var denne: -Vi er vel bra nok! uskedalen.no sendte spørsmålet til ho som hadde ideen om jentekvelden utan at ho kunne svare på kva gutane skal gjera akkurat denne kvelden.

Men Gunn Mari Moberg hadde denne ideen:

- Eg har forslag om å friska opp att Tysdagsklubben, som var ei samkome på Verthuset kvar tysdag då Thomas Berius dreiv restauranten for rundt 10 år sidan. Då møttes gutane over eit glas øl og drøste. Det var eit tilsvarende opplegg for jentene på laurdagane, mintes Gunn Mari.

- Og korleis kom ideen om jentekvelden?
- I kjølvatnet av bh-gimmicken undra eg på om det gjekk an å finna på noko 8. mars. Då systrene høyrdde mitt forslag om ein jentekveld tente dei på sparket og utvikla prosjektet vidare.
Eg har også vore inne på arrangement av ein gulekveld med jakt og fiske som tema, seier kreative Gunn Mari.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen